

## Møtereferat skulebesøk (del 2)

Dato:

Emne:	VBV møte ved Fyllingsdalen videregående skole	
Til stades:	Frå skulen: rektor Thor Eirik Haugstad, ass.rektor Berit Østerbø Brekke, avdelingsleiar Rolf Heine Askeland, og avdelingsleiar Karen Kristine Rasmussen, Frå fylket: regionsleiar Sissel Øverdal og seniorrådgivar Gerd Kjersti Ytre-Arne	
Forfall:		
Møtetid:	10. mars 2017	Møtestad: Fyllingsdalen videregående skole

**Møteleiar:**

**Referent:**

### A. Oppfølging av del 1 av skulebesøket i lys av skulen sine resultat

Skulen har lite utvikling i tala sine og dei bør få i gang ein diskusjon mellom anna om

- kva er trivsel?
- kva er motivasjon?

Store forskjeller på dei ulike trinna, Vg1 klassane er veldig på, positive elevar og vil noko. Vg2 har større utfordringar, dette kan skyldast klassemiljø. Viktig at skulen klarer å halde oppe læringstrykket på Vg1, korleis gjer dei dette?

Elevane tok opp problemet med uro, kva seier elevundersøkinga om dette? Kanskje handlar mykje om meistring? Kva gjer skulen med det? På Vg3 påbygg er det mange minoritetsspråklege elevar og elevar med under 2 snitt, korleis kan skulen klare å møte dei utfordringane dette er?

### Ein skule for mangfold, læring og trivsel.

Kva treng skulen å lære noko om? Skulen er med på **kompetanse for mangfold** (fylkesmannen) og **fokusskule**?

Leiinga ser at skulen er i utvikling og har mange tankar rundt desse temaa, men kva planar har dei for vidare utvikling og kompetanseheving for lærarane. Har skulen laga ein plan for dette?

### B. Skuleleiinga si rolle i arbeid med tilstandsvurdering og utvikling i lys av pedagogisk plattform

Viktig at avdelingsleiar er tett på også når det gjeld utviklingsarbeidet på skulen. Utviklingsplan og tilstandsvurdering må vere meir tilstades i alle ledd slik at dei ulike tiltaka på skulen blir sett i samanheng.

### C. Drøfte val av strategiar og prosessar med heile leiargruppa

Tett på må følgjast opp vidareutviklast i forhold til mangfold.

### D. Prosess vidare og punkt til oppfølging i samtalens mellom rektor og regionleiar

Leiinga må involvere personalet og elevrådet meir i utviklingsarbeidet. Det er ikkje alltid like å lett å få lærarane til å ta ansvar for utviklingsarbeidet, derfor er det ekstra viktig at lærarane ser nytten av måla og strategiane i utviklingsplanane.

Korleis kan skulen bruke elevundersøkinga meir aktivt

Korleis kan skulen bruke styringsdokumentet for å sette ord på ein del av dei utfordringane dei har.

**Godkjent av:**

Rektor:

Regionleiar: